



## Notat

Dato: 24.04.2019  
Arkivsak: 2019/10811-1  
Saksbehandlar: nilvetl

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Kantineavtale Sandsli

Avtalen med leverandøren av kantinenester går ut i juli 2019, og vil bli forlenga så lenge Fylkeshuset er i drift. Hordaland fylkeskommune må dermed ha nye avtale om levering av kantinenester når ein flytter til Sandsli.

Eigedomsavdelinga har uttrykt behov for at ny kantineavtale må vere på plass i august, då uteigar på Sansli vil ha med seg den nye kantineleverandøren for å sjekke at alt utstyr fungerer, og melde inn behov om eventuelle manglar.

Med referanse til vedtak i fylkestinget i 2012, om at fylkeskommunen skal vurdere reservert kontrakt mellom anna for området kantinedrift, orienterer fylkesrådmannen om ulike aktuelle kontraktsformer nedanfor:

#### Alternativ 1 - Reservert kontrakt

Reservert kontrakt inneber at kontrakten er reservert for verksmed som «*har som hovedformål å integrere funksjonshemmede eller vanskeligstilte personer i arbeidslivet*», ref. § 8-8 i FOA. Det er krav om at 30% av dei tilsette har funksjonshemmning eller er vanskelegstilte.

Ei marknadsundersøking innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen har gjennomført viser at det er få leverandørar i Bergen som er store nok til å kunne levere til fylkeskommunen. Det var berre to leverandørar som gav positiv tilbakemelding på at dei kan levere kantinenester til fylkeskommunen under ein reservert kontrakt.

Noverande leverandør Beredt AS, blei vald etter at sist konkurransen blei utlyst som reservert kontrakt. Dei var då einaste tilbydar. Hordaland fylkeskommune har til informasjon 100% eigardel i Beredt AS.

#### Alternativ 2 - Inkluderande kontrakt

Inkluderande kontrakt inneber at det vert stilt krav om ein viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne eller arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden.

Kravet til inkludering kan vere stilt som minimumskrav eller som tildelingskriterium.

Det er andre oppdragsgjevarar i Bergen som har gjort dette nyleg, og innkjøpsseksjonen har og sjekka med fleire leverandørar. Det er kome positivt svar frå to potensielle leverandørar om at dette er område dei har fokus på og ønskjer å levere på. I tillegg er det fleire andre leverandørar i marknaden, som ikkje har svart på førespurnaden. Dei som er aktuelle for reservert kontrakt, kan og vere med i ein slik konkurranse.

#### **Alternativ 3 - Konkurranse open for alle**

I ein slik konkurranse vil det vere opent for alle som kan levere kantinetenester å levere inn tilbod. Det vert då ikkje sett nokon krav i forhold til inkludering, og heller ikkje premierung av dei som kan tilby slik løysing.

#### **Tilråding**

I samsvar med fylkestinget sitt vedtak, tilrår fylkesrådmannen at Hordaland fylkeskommune lyser ut kantineavtale på Sandsli med fokus på inkluderande arbeidsliv og at kontraktsforma Inkluderande kontrakt vert nytta.

Marknadsundersøkinga viser at det er svært avgrensa konkurranse innanfor reservert kontrakt, og det vert vurdert som uheldig at ein av dei få leverandørane på marknaden er 100 % eigd av Hordaland fylkeskommune. Ved å nytte inkluderande kontrakt, meiner fylkesrådmannen at ein ivaretok intensjonen med reservert kontrakt, utan å avgrense konkurransen.